

Allsong i Sjøkanten, fredag kl. 16.

24.07.2019



Hans Gustav Musland, Jan Henrik Hansen og Kristian Bringedal ynskjer alle velkomne til Allsong i Sjøkanten, fredag kl. 16.

Uskedal Båtlag i samarbeid med SPAR arrangerer Allsong i Sjøkanten fredag i denne veka, kl. 16. Det vert ei uformell samling der alle båt- og campinggjester, tilreisande og fastbuande er velkomne. Tilskipinga er gratis og det vert servering av kaffi og vafler. Det er fyr på grillen, dersom nokon vil ta med grillmat.

Allsong i Sjøkanten var eit fast innslag kvar sommar så lenge det var drift på Vertshuset. Det var populære tilstellingar med godt frammøte. Båtlaget si nye strandstove er godt eigna for samlingar både ute og inne. Her er det bord, benker, vatn, griller og kokemuligheter. Ute er det stor aktivitetsflate for leik og spel.

Allsongane er henta frå årstida sommar og det maritime miljøet. SPAR står for servering av kaffi og vafler. Ta med drikke etter eige ynskje.

Uskedal Båtlag og SPAR, Uskedalen, ynskjer med dette alle velkomne til allsong og ei triveleg stund i Båthamna.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Jon Steinar Vivelid